

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Bremanger.

Emne: Vassbæring.

Bygdelag:

Oppskr. av: Alv Övrebotten,

Gard:

(adresse): Kjelkenes.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

1) Dei bar vatn med vass-sæle (ein) og to bytter. Dei kalla det vass-sæle eller børatre (eit). Dette ordet er sikkert det elste. Det er no gått heilt av bruk. Børatre var laga slik at dei bar det på begge herdane, og det var uthola for halsen. Andre vass-sælar er ikkje kjende i Bremanger.

Dei elste vass-sælane folk no kan minnest, var laga av tog (tau) og einekrokar. Ingen kan no minnest vidjer. Seinare kom granne kjettingar med jarnkrokar i bruk. Trebytter gjekk av bruk etter kvart som folk fekk höve og råd til å kjöpe jarnbytter.

Trebyttene var lenger i bruk i fjøset enn i kjøkenet. Heilt av bruk gjekk vel trebyttene under forrige krig.

2) Vasshenting i eit slikt kar som nemnt her, er ikkje kjent i Bremanger. Ein så var eit kar i fjøset til å töme byttene i når dei bar inn vatn.

3) Denne transportmåten er ikkje kjend i Bremanger.

4) Vassbæringa var nok helst kvinnearbeid.

5) Her er ikkje nokon skilnad på store og små gardar.

6) Köyring på slede kan nok vere i bruk av og til om vinteren, men etter det eg kan skjöne, er dette teke i bruk i nyare tid.

7) Vassbæring er mykje i bruk endå. I Bremanger er her sikkert fleire gardar som ikkje har innlagt vatn enn som har, i alle fall både i kjøken og fjös. Vass-sælen er difor endå i bruk, men no er det stött jarnbytter. Dei kallast jarnbytter sjølv om dei er laga av sink eller noko anna.

I fiskeværet Kalvåg har dei berre ein brunn til heile været. Dei har laga ein spring som står ute, og der henter dei vatn, og der vaskar dei klede. Nytt vassverk er no under byggjing (L947).

Bygdøy i april 1948.

Tilleggsspørsmål til emne nr. 5, Vannbæring.

Vennligst svar på dette papir med blyant og send det så fort råd er i den lille konvolutten.

Brukte eller bruker en å la flyte noen gjenstander på vannet eller melken når en bar eller kjørte væskene en lengre vei for å hindre at væskan skvulper over?

Brukte eller bruker en:

- 1) Treskiver, løse lokk (med eller uten håndtak)?
- 2) a) Trekors?
b) Trekors med en liten knott i midten for lettere å kunne løfte det?
- 3) Noen trestykker?
- 4) Gress, halm, løkvister, store blad, gran- eller enekvister?
- 5) Is eller snø?
- 6) Kjerald, skål, bøtter, trefat?
- 7) Korkskiver?
- 8) Hva kaller en slike ting for (skuljefjæl, flottor, bøk, flæ, flyteskiver)?
- 9) Fanns det noen forseggjorte gjenstander til det bruket?

--- o o o ---

Ingen av desse tinga som er nemnde her,
er kjende i Bremanger.

Herad Bremanger.
Uppteiknar i de øvre delene.

1660

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Ihr Øvrebotten.

Yagn og Tj.
Bremanger.

I samarbeid med

KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING
PÅ VESTLANDET

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKE-MUSEUM
BYGDØY


Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over.

Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det?

Dette er ikkje kjent
i Bremanger



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruksa fiskebein og fiskehovud til brensel? *Nei.*

Har ein brukta kumøkk til brensel? *Nei.*